



Møteprotokoll

Utval:	Øygarden kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Øygarden rådhus, Kultursalen
Dato:	27.05.2026
Tid:	14:00 - 16:00

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Inge Kausland	Nestleiar	H
Synnøve Tovsrud	Medlem	H
Egil Morland	Medlem	KRF
Jostein Bø	Medlem	INP

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Ann Kristin Kløvrud Eriksen	MEDL	AP
Stian Oen	LEDER	AP
Marit Fjæreide	MEDL	FRP

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Mathilde Sæle		R
Karl Morten Engesæth		FRP

Andre som møtte:

Namn	Rolle
Anne Erdal	Økonomisjef
Johnny Breivik	Kommunedirektør
Espen Hordvik	Rekneskapsrevisor
Kjersti Gjuvsland	Forvaltningsrevisor
Therese Helgesen	Einingsleiar rus og psykisk helse

Stian Oen
utvalsleiar

Miriam Akkouche
utvalssekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		
	Politiske saker		
PS 15/26	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i kontrollutvalet 15.04.26	2024/46	
PS 16/26	Årsrekneskap og årsmelding for 2025 - Øygarden kommune - uttale frå kontrollutvalet	2023/497	
PS 17/26	Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Øygarden bustadforvaltning KF - kontrollutvalet sin uttale	2023/497	
PS 18/26	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/178	
PS 19/26	Forvaltningsrevisjon psykisk helse- og rusarbeid - forslag til prosjektplan	2026/18	
PS 20/26	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Øygarden kommune 2026	2022/174	
PS 21/26	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/502	
PS 22/26	Eventuelt	2023/505	
	Referatsaker		
RS 3/26	Referatsaker til møtet 27.05.26	2025/9	

GK 5/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 27.05.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

PS 15/26 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i kontrollutvalet 15.04.26

Forslag til vedtak

1. Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 15.04.26 vert godkjent.

Saksprotokoll 27.05.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møteprotokoll vert samrøystes godkjent.

Vedtak:

Møteprotokoll etter møte i kontrollutvalet 15.04.26 vert godkjent.

PS 16/26 Årsrekneskap og årsmelding for 2025 - Øygarden kommune - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar uttale til Øygarden kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2025 som framlagd.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i «Nummerert brev nr. 6» frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at kommunedirektøren kjem i møte 09.09.2026 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve avvik og tilrådingar i rapportane.

Saksprotokoll 27.05.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Økonomisjef Anne Erdal presenterte årsrekneskapen og årsmelding for Øygarden kommune.

Kommunedirektør Johnny Breivik besvarte spørsmål.

Rekneskapsrevisor Espen Hordvik frå Deloitte AS presenterte revisjonsberetningen og nummerert brev for kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtar uttale til Øygarden kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2025 som framlagd.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i «Nummerert brev nr. 6» frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at kommunedirektøren kjem i møte 09.09.2026 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve avvik og tilrådingar i rapportane.

PS 17/26 Årsrekneskap og årsmelding 2025 for Øygarden bustadforvaltning KF - kontrollutvalet sin uttale

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet merkar seg at Øygarden bustadforvaltning KF i 2025 har eit netto driftsresultat på kr. 102.426, som utgjer eit netto driftsresultat på 0,18% av driftsinntektene.
2. Kontrollutvalet merkar seg også eit disposisjonsfond på 12,42% av driftsinntektene, som er langt betre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen på minst 5%
3. Lånegjelda er høg, med 307% av driftsinntektene, der tilrådinga frå Riksrevisjonen er på 75% for kommunar. Langsiktig gjeld i høve til sum eigedelar er på 46,77%.
4. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte AS sin uttale i revisjonsberetninga om Øygarden Bustadforvaltning KF.
5. Uttalen vert sendt til kommunestyret via formannskapet.

Saksprotokoll 27.05.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rekneskapsrevisor Espen Hordvik orienterte om revisjonsberetninga.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Øygarden bustadforvaltning KF i 2025 har eit netto driftsresultat på kr. 102.426, som utgjer eit netto driftsresultat på 0,18% av driftsinntektene.
2. Kontrollutvalet merkar seg også eit disposisjonsfond på 12,42% av driftsinntektene, som er langt betre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen på minst 5%
3. Lånegjelda er høg, med 307% av driftsinntektene, der tilrådinga frå Riksrevisjonen er på 75% for kommunar. Langsiktig gjeld i høve til sum egedelar er på 46,77%.
4. Kontrollutvalet støttar seg til Deloitte AS sin uttale i revisjonsberetninga om Øygarden Bustadforvaltning KF.
5. Uttalen vert sendt til kommunestyret via formannskapet.

PS 18/26 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektør til orientering.

Saksprotokoll 27.05.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Kommunedirektør Johnny Breivik orienterte utvalet.

Barnevernet er «friskmeldt»

- Sakene knytt til barnevernet er avslutta.

Ungdomsskule på Bildøy

- Første spadetak er teke. Nokre tiltak er gjennomførte for å styrkje læringsmiljøet. Skulen skal vere ferdig februar 2028 og klar til skulestart hausten 2028.

Forvaltningsrevisjon – beredskap

- Kriseleiinga har gjennomført ei øving, mellom anna med øving på datainnbrot.

Beredskapsrådet

- Rådet har hatt møte og ønskjer å byggje vidare på samarbeidet. Her møter kommunen sine samarbeidspartnarar.

Sansehage på Tednabakkane

- Ny sansehage er opna – eit spleiselag både økonomisk og kapasitetsmessig.

Ny elektronisk pasientjournal

- Innføring av ny pasientjournal er omfattande. Den 28. mai skal journalen vere i aktiv bruk, og mange kommunar er involverte.

Arbeidet med kommuneøkonomien

- Situasjonen har vore krevjande for enkelte. Det kjem ei demografiutvikling som vil endre samfunnet, men skulesektoren har betra seg.

Politirådet 6. mai

- For andre år på rad er vinningskriminalitet og ungdomskriminalitet kraftig redusert, også knytt til rus og psykiatri. Fokus på barnevernet er særleg viktig.
- Eit sentralt tiltak er «Mogleg tenesta» – eit samarbeid mellom DPS, NAV og andre – som skal løyse svingdørsproblematikken og gi rettleiing slik at brukarar ikkje fell mellom tenestene.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen frå kommunedirektør til orientering.

PS 19/26 Forvaltningsrevisjon psykisk helse- og rusarbeid - forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rusarbeid av Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og evt. innspel under drøftinga i møtet.
2. Eventuell ny prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 15.06.2026. Dersom det vert aktuelt får kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna denne.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal, inkl. opsjon, i forslaget til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ber om at rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon vert sendt sekretariatet seinast 20.01.2027 ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale innarbeidd.

Saksprotokoll 27.05.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor Kjersti Gjuvsland orienterte utvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av psykisk helse- og rusarbeid av Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og evt. innspel under drøftinga i møtet.
2. Eventuell ny prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 15.06.2026. Dersom det vert aktuelt får kontrollutvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna denne.
3. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal, i forslaget til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ber om at rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon vert sendt sekretariatet seinast 20.01.2027 ferdig verifisert og med kommunedirektøren sin uttale innarbeidd.

PS 20/26 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Øygarden kommune 2026

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek eigenvurderinga frå partner Unni-Renate Moe, vedrørende uavhengigheit i høve Øygarden kommune, til etterretning.

Saksprotokoll 27.05.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rekneskapsrevisor Espen Hordvik orienterte møtet Deloitte AS si uavhengigheit.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek eigenvurderinga frå partner Unni-Renate Moe, vedrørende uavhengigheit i høve Øygarden kommune, til etterretning.

PS 21/26 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 27.05.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalsmedlemmane orienterte kvarandre om saker frå andre utval.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 22/26 Eventuelt

Forslag til vedtak

1. Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 27.05.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ingen saker vart løfta.

RS 3/26 Referatsaker til møtet 27.05.26

Saksprotokoll 27.05.2026 - Øygarden kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart enstemmig vedtatt.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering